



## SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 15/00730-30

Saksbehandler Kinga Bobinska

### Fastsetting av planprogram - Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommuneplanutvalet	01.12.2020	15/20
2 Kommunestyret	03.12.2020	123/20

#### **Kommuneplanutvalet har behandla saka i møte 01.12.2020 sak 15/20**

#### **Behandling**

Patrick Løkken (V) fremsatte endringsforslag:

Under 3.3 *Medverknad og samarbeidsparter* legges *personer med innvandrerbakgrunn* inn som en eksplisitte nevnt gruppe, under «spesielle grupper».

Petter Brennhovd (SP) sette frem forslag om at Hemsedal Bondelag og Eldrerådet vert invitert med ved behandling av aktuelle tema.

#### **Votering**

Samrøystes med framlegg til endringspunkt frå Petter Brennhovd (Sp) og Patrick Løkken (V).

#### **Vedtak**

Hemsedal kommunestyre vedtek planprogram til kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 med heimel i plan- og bygningslova §11-3 og med dei endringar som går fram av saksframlegget og følgjande dokument: Planprogram for Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – Høyringsframlegg med forslag til endringar.

Kommunestyret ber om at planprogrammet vert justert med følgjande pkt.

- pkt. 3.3 *Medverknad og samarbeidsparter* legges *personer med innvandrerbakgrunn* inn som en eksplisitte nevnt gruppe, under «spesielle grupper».

- Hemsedal Bondelag og Eldrerådet vert invitert med ved behandling av aktuelle tema.

## **Kommunestyret har behandla saka i møte 03.12.2020 sak 123/20**

### **Behandling**

#### **Anne Grethe Fremgaard (H) fremma eit tillegg til innstillinga frå Kommuneplanutvalet:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne også vert invitert med ved behandling av aktuelle tema.

### **Votering**

Innstilling med tillegg frå Anne Grethe Fremgaard (H) frå Kommuneplenutvalet vart vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Hemsedal kommunestyre vedtek planprogram til kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 med heimel i plan- og bygningslova §11-3 og med dei endringar som går fram av saksframlegget og følgjande dokument: Planprogram for Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – Høyringsframlegg med forslag til endringar.

Kommunestyret ber om at planprogrammet vert justert med følgjande pkt.

- pkt. 3.3 *Medverknad og samarbeidsparter legges personer med innvandrerbakgrunn* inn som en eksplisitte nevnt gruppe, under «spesielle grupper».

- Hemsedal Bondelag, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet vert invitert med ved behandling av aktuelle tema.

---

## **FASTSETTING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR FRILUFTSLIV, IDRETT OG FYSISK AKTIVITET**

### **Saka vert avgjort av:**

Kommunestyret

### **Vedlegg:**

- Planprogram for Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – Høyringsframlegg med forslag til endringar
- Saksutskrift, Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – oppstart av planarbeid og forslag til planprogram, sak 24/20
- Innspel – samla
- Stig- og løypeplan 2015-2018
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021

### **Dokument i saka:**

Ligg på arkivsak 15/00730

### **Saksopplysningar:**

Kommunestyret behandla forslag til planprogram for kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 i sak 24/20 den 20.02.2020.

Formålet med planarbeidet er å slå saman gjeldande *Stig- og løypeplan* med *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet*. Dette for å kunne fremje friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet gjennom ein oppdatert og langsiktig plan. Inn under dette kjem å ha ein plan for utvikling og bygging av idrettsanlegg og anna tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv i Hemsedal kommune. Planen vert òg lagt til grunn ved tildeling av spelemidlar.

Høyringsframlegget til planprogram har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 24.mars - 5.mai 2020. Det er komme inn 11 høyringsuttaler. Uttalene er kommentert under «Vurdering».

### **Forhold til overordna plan:**

I høve til kommunal planstrategi 2016-2019 skulle stig- og løypeplanen verte revidert i 2017-2018, men av diverse årsaker vart denne prosessen utsatt, medan kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet ble revidert i 2017 med varighet 2018-2021. Kommunen jobbar nå med ny planstrategi der samanslåing av desse to planane er synleggjort. Planstrategi 2020-2023 har vore opp til politisk 2. gongs handsaming i kommuneplannemnda og vert slutthandsama i kommunestyret i november i år.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ved å ha to planer må det gjennomførast to planprosesser etter plan og bygningslova, ein for stig- og løypeplan og ein for kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet med to handlingsprogrammer som da må verte rullert kvart år. Ved å slå dei to plana saman vil det vere berre ein planprosess og ein handsaming i året med rullering av handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet vil muligvis vere litt meir omfattande enn kvar av dei separat, men alt i alt vil det spare ein del sakshandsaming og tid i politiske møter.

Arbeide med planen vert elles organisert og gjennomført med egne ressursar.

#### Vurdering:

Ein felles plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet vil vere ein viktig reiskap når det kjem til utvikling og bygging av idrettsanlegg og anna tilrettelegging for friluftsliv og fysisk aktivitet i Hemsedal kommune. Ein vil samstundes få eit godt grunnlag til å gjere naudsynte prioriteringar. Det vert òg lagt vekt på å ivareteke handlingsprogrammet frå gjeldande plan for idrett og fysisk aktivitet med prioriteringslister, samt gjort vurdering av ikkje gjennomførte tiltak i handlingsprogrammet for stig- og løypeplan, for å behalde kontinuiteten. I tillegg vert det gjennomført vurdering av inndeling i tiltakssoner jf. arealdelen til kommuneplanen 2018-2030.

Under følgjer ei kort oppsummering av høyringsuttaler med kommentar. Alle fråsegn er lagt ved, sjå vedlegg.

Oppsummering	Kommentar
<p><b>Viken Fylkeskommune</b></p> <p>Fylkeskommunen meiner at kommunen har gjort eit godt forarbeid der ein ny kommunedelplan legger opp til ein tverrfaglig perspektiv for temaet friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet som ein del av kommunen sin heilskapleg arbeid med plan, folkehelse, reiseliv, aktiv transport og kultur.</p> <p><u>Konkrete innspel/synspunkt:</u></p> <p>Ber om at forvaltningsplaner med statlege sikra friluftsområda (Bruøyne og Rjukandefossen), vert tatt med og revidert i planprosessen for å sjå på dei som ein del av friluftsliv i kommunen elles. Fylkeskommunen ønskjer også at det i lys av kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Hemsedal kommune vert sett på om det er nye områder som burde vert statleg sikra.</p> <p>Viser til <i>retteiar Plan for friluftslivets ferdelsårer, Regional plan for Nordfjella med Raudafjell</i> samt <i>Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035</i> og ber at desse vert lagt til grunn i arbeide med kommunedelplan.</p> <p>Peiker på at kommunen har særlig ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, som barn og unge og håper samstundes at kommunen lykkes med å mobilisere «stille stemmer» som vanlegvis ikkje deltek eller ytrar seg på dei tradisjonelle arenaer.</p> <p>Fylkeskommunen rår også at kommunen tek særskilt omsyn til kulturminne og kulturlandskap for å unngå uheldige inngrep i landskapet ved å</p>	<p>Forvaltningsplana for statleg sikra friluftsområda er nå under revidering, men vert teke med i kommunedelplanen for å kunne lettare følgje dei opp. Det er òg føreslått å vurdere om det er fleire områder som burde vert statleg sikra. Planprogrammet er nå oppdatert på dette punktet.</p> <p>Planprogrammet er nå supplert med følgjande: <i>retteiar Plan for friluftslivets ferdelsårer, Regional plan for Nordfjella med Raudafjell og Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035.</i></p> <p>Det vert lagt opp til breidd medverknad i planprosessen, der bl.a. barn og unges representant, Ungdomsrådet og Rådet for mennesker med nedsatt vert involvert. Det er også ønskeleg å sjå nærmare på barnetråkk og leikeplasser samt fokusere på omgrep som universellutforming og inkludering.</p>

<p>nemne kulturminneloven i plandokumenta og understreker at ofte fungerer tilrettelegging for friluftsliv godt saman med oppleving av kulturminne og kulturmiljø.</p>	<p>Natur- og kulturstigar er omtalt som egen kategori alt i gjeldande stig- og løypeplanen. Kommunen er nå i gang med planarbeid med komunedelplan for kulturminne og kulturmiljø og det vert med dette naturleg å sjå på samband mellom dei to plana. Kulturminnelova er nå teke med i planprogrammet.</p> <p><b><i>Innspellet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Fylkesmannen i Oslo og Viken</b> Fylkesmannen understreker viktigeita av sikring og utvikling av grøntstruktur og viser til at i stortingsmelding om friluftsliv er alle kommuner oppmoda til å utarbeide grønnstrukturplaner for byer og tettstader.</p> <p>Viser også til <i>nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv</i>, der hovudmålet er å auke talet aktive i friluftsliv i og ved byar og tettstader, og at dei viktigaste målgruppa i strategien er barn og unge, persjonar med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne og dei som er lite fysisk aktive.</p> <p>Ber om å vareta barn- og unge sine interesser gjennom medverknad i planprosessen og samstundes at både <i>oversikt over helsetilstand</i> med påverknadsfaktorar i kommunen og føringane i den <i>regionale planen for Nordfjella</i> vert lagt til grunn for det vidare komunedelplanarbeidet.</p>	<p>I den kommunale planstrategien som er planlagt å slutthandsamme i november i år er det vist til behovet for ny reguleringsplan for Trøym bygdesentrum, der bl.a. miljøverdiar og ein tydeleg og framtidretta strategi for bl.a. uterom. Grønnstruktur vert med dette ein naturleg tema i reguleringsplanen.</p> <p>Som nemnt ovanfor vert det lagt opp til breidd medverknad i planprosessen, der bl.a. barn og unges representant, Ungdomsrådet og Rådet for mennesker med nedsatt vert involvert. Det er også ønskeleg å sjå nærmare på barnetråkk og leikeplasser samt fokusere på omgrep som universellutforming og inkludering.</p> <p>Planprogrammet er nå supplert med følgjande: <i>nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv</i>, <i>Folkehelseoversikt for Hemsedal kommune</i> og <i>Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell</i>.</p> <p><b><i>Innspellet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Mattilsynet</b> Har ikkje merknader med føresetnad at planen ikkje kjem i konflikt med restriksjonar i omsynssoner til vassforsyningssystem.</p>	<p>Det vert lagt vekt i vidare planprosessen på å følgje opp omsynssona frå kommuneplan og reguleringsplana.</p> <p><b><i>Innspellet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Statens Vegvesen</b> SVV ber om at <i>Vegloven</i> med forskrifter og retningslinjer og handbok (spesielt N100 Veg og gateutforming) vert gjort førande i planprosessen.</p>	<p>Planprogrammet er nå supplert med <i>Vegloven</i> og det vert vist til SVV sine handbøker.</p> <p><b><i>Innspellet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd</b></p>	

<p>Nemnda ber om å vere involvert i vidare planarbeid på ein tidleg fase, slik at villreinomsyn vert ivareteke og at også Villreinutvalet for Nordfjella vert teke med då dei sit på detaljert lokalkunnskap om reinen sin områdebruk.</p>	<p>Både Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd samt Villreinutvalet for Nordfjella vart varsla om oppstart av planarbeid og fekk forslag til planprogrammet. Det er ønskeleg å ta omsynet til villrein i vidare planprosess og det vert derfor naturleg å støtte seg på villreinnemnd og villreinutval. Til informasjon vart også Grunneigarlaget Villreinvaldet Hemsedal også varsla om oppstart av planarbeid med kommunedelplanen.</p> <p><b><i>Innspillet er imøtekommen</i></b></p>
<p><b>Hemsedal Bondelag</b> Bondelaget ser positivt på å slå saman Stig- og løypeplanen med plan for idrett og fysisk aktivitet. Det blir betre oversikt over anlegg og prioriteringar, og det vil forenkle arbeidet.</p>	<p>Teke til orientering.</p>
<p><b>Hemsedal Helselag</b> Har ikkje spesielle kommentarar.</p>	<p>Teke til orientring.</p>
<p><b>Erik Enitch</b> Ønskjer å revurdere Topp20-programmet.</p>	<p>Planprogram går ikkje detaljert på konkrete tiltak, men skal gje føringar til det vidare arbeide med planen. Forslaget vert difor teke stilling til i vidare planprosess og hamner inn under tema knytt til friluftsliv under pkt. 1.2 Formål i planprogrammet.</p>
<p><b>Signe Lise Jordheim</b> Viser til at Torsetåsen er det siste turområdet som er lett tilgjengeleg frå sentrum-Ulsåk og er bekymra over slitasjen på stigane der i lys av den planlagde utbygginga i Nyørk-feltet. Same gjelder ved Storevatn der det også er lagt opp til større hyttefelt i eit nytt området med allereie er stor slitasje på Gamle Lykkjaveg. Understrekar at grunneigarane stiller grunnen til disposisjon vederlagsfritt. Peiker samstundes på at Solstadbrua må settast opp at. Stiller avslutningsvis spm. rundt kva for føringar ligg i reguleringsplana ift. stigar og tilrettelegging for friluftsliv elles. Og om kommunen vil fortsette å blande fast og fritidsbebyggelse på den måten det er drevet nå.</p>	<p>Planprogram går ikkje detaljert på konkrete tiltak, men skal gje føringar til det vidare arbeide med planen. Forslaget vert difor teke stilling til i vidare planprosess og hamner inn under tema knytt til friluftsliv under pkt. 1.2 Formål i planprogrammet.</p>
<p><b>Anita Margrethe Strøm Eriksen</b> Stiller spm. om det er planlagt langrennsbro over den nye vegen ned mot det nye hyttefeltet ved Storevatn. Det kan oppstå farlege situasjonar ved kryssing med skiløypa. Løypa kryssar veger fleire</p>	<p>Planprogram går ikkje detaljert på konkrete tiltak, men skal gje føringar til det vidare arbeide med planen. Forslaget vert difor teke stilling til i vidare planprosess og hamner inn</p>

<p>gonger, noe som gjer at det er naudsynt å ta ski av å på ofte.</p> <p>Meiner at det ville vært eit stort løft for Hemsedal som ski/syssel/tur destinasjon om Storevatnrundt løypa vert utbedra. Som syklist og løper ønskjer grussveg frå Sørhellen til Trefta for å unngå å måtte nytte Lykkjavegen der biler køyrer i 80km/t.</p>	<p>under tema knytt til friluftsliv under pkt. 1.2 Formål i planprogrammet.</p>
<p><b>Kjetil Lien</b> Ønskjer å etablere frisbeegolfbane i Hemsedal. Har laget kostnadsoverslag og viser til at frisbeegolf er blitt svært populært over heile landet, då det ikkje er krevjande å etablere banene som er gratis å bruke og kostnad med det som trengs å spille er svært låg.</p>	<p>Planprogram går ikkje detaljert på konkrete tiltak, men skal gje føringar til det vidare arbeide med planen. Forslaget vert difor teke stilling til i vidare planprosess og hamner inn under tema knytt til friluftsliv under pkt. 1.2 Formål i planprogrammet.</p>

Framdriftsplan for planprosessen i planprogrammet (pkt.4) er nå oppdatert. Planarbeidet er forsinka. Dette heng saman med den pågåande pandemien, då samarbeid på tvers av fagområda har vore noko utfordrande, samt press på andre oppgåver på planavdelinga. Kommunale plana må ofte vike for private reguleringsplana, då administrasjonen er forplikta til å følgje fristar heimla gjennom plan- og bygningslova, noe som ikkje er naudsynt for kommunen sine egne planar.

#### **Konklusjon:**

Fleire høyringsuttaler viser til nasjonale dokument, retningsliner, lov og tema ein må ta omsyn til vidare i planprosessen. Desse er nå tatt med i planprogrammet. Utover ovannemnte og justert framdriftsplan er det ikkje føreteke anna endringar i planprogrammet.

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Hemsedal kommunestyre vedtek planprogram til kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 med heimel i plan- og bygningslova §11-3 og med dei endringar som går fram av saksframlegget og følgjande dokument: *Planprogram for Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024 – Høyringsframlegg med forslag til endringar.*

Underskrift

RETT UTSKRIFT

DATO 7.desember.2020